



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 29.11.2016
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 10:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. Rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel	
122/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste	S. 03
123/2016	Godkjenning av møtebok	s. 04
124/2016	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet - handlingsplan for 2017	S. 05
125/2016	Endring - reguleringsplan Hosteland Aust	S. 09
126/2016	Søknad frå Stordalen Vel om tilskot til løypekøyring vinteren 2017	S. 12
127/2016	Drøfting knytt til kommunalt bidrag til utbygging av Giljane bustadfelt	s. 15
128/2016	Høyring - Vest politidistrikt sin tenestestad- og tenesteeiningsstruktur	s. 17
129/2016	Fråsegn til intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion – høyringssak	s. 21
130/2016	Revidering av retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond - Masfjorden kommune	s. 25
131/2016	Einakavane AS - Søknad om auka kommunalt driftstilskot	S. 28
132/2016	Plan for selskapskontroll 2016-19	s. 30
133/2016	Kraftinntekter - kapitaliseringsrenta ved fastsetjing av eigedomsskatt kraftverk	s. 32
134/2016	Investeringsbudsjett revidering 2016	S. 36
135/2016	Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020	S. 43
136/2016	Delegerte saker	s. 53
007/2016	Delegert vedtak - Søknad om fritak for gebyr feiing/brannsyn - gbnr 44/54 Solheimsneset	
006/2016	Melding om delegert vedtak - Fritak frå avgift for feiing/brannsyn - gbnr 1/56	
137/2016	Referatsak	s. 56
1	Vedtak i sak 40/16 Lokal del-finansiering av prestestillinga	
2	Visitaforedrag	
138/2016	Ubrukt saksnummer	

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		16/957

Saknr	Utval	Type	Dato
122/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Formannskapet - 122/2016

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		16/957

Saknr	Utval	Type	Dato
123/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Journalposttittel

Protokoll - Formannskapet - 08.11.2016

Dato

08.11.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Formannskapet - 123/2016

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Møtebok frå formannskapet 08.11.2016 vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - C11, FE - 144	15/914

Saknr	Utval	Type	Dato
124/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016
088/2016	Kommunestyret	PS	13.12.2016

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet - handlingsplan for 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Vedteken kommunedelplan for perioden 2011-14 vert forlenga til å gjelda fram til ny plan vert vedteken, hausten 2017.

2 Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for året 2017:

A Ordinære anlegg

- 1 Matre symjebasseng
- 2 Kunstgras på idrettsbana, Matre
- 3 Kunstdekke på løpebana, Matre
- 4 Rehabilitering friidrettsanlegg Nordbygda
- 5 Lysløype/turveg på Sleire
- 6 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 7 Turveg Haugsvær – Matre
- 8 Fleirbrukshall
- 9 Klubbhus Stordalen

B Nærmiljøanlegg

1. Oppgradering Haugsvær ballbinge
2. Sandvolleyballbane, Skolten
3. Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
4. Miniatyrskyttebane, Nordbygda
5. Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule
6. Orienteringskart ved skulane

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vart vedteken i formannskapet 8. november. Arbeidet med planen vil gå føre seg utover vinteren og våren 2017 med

vedtak hausten 2017. Den gamle planen må forlengast fram til ny plan er vedteken.

Kommunestyret vedtok i møte 10.12 2015 følgjande handlingsplan for anlegg i 2016:

A Ordinære anlegg

- 1 Matre symjebasseng
- 2 Kunstgras på idrettsbana Matre
- 3 Kunstdekke på løpebana Matre
- 4 Kunstdekke på løpebana Nordbygda
- 5 Lysløype/turveg på Sleire
- 6 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 7 Turveg Haugsvær – Matre
- 8 Fleirbrukshall
- 9 Klubbhus Stordalen

B Nærmiljøanlegg

- 1 Nordbygda skule, fritidspark
- 2 Oppgradering Haugsvær ballbinge
- 3 Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
- 4 Miniatyrskyttebane Nordbygda
- 5 Vidare utvikling av Sandnes skule, nærmiljøanlegg
- 6 Orienteringskart ved skulane

I januar 2016 vart det så søkt om spelemidlar til desse anlegga:

Ordinære anlegg:

- 1 Matre symjebasseng
- 2 Kunstgras på idrettsbana Matre
- 3 Kunstdekke på idrettsbana Matre

Nærmiljøanlegg:

- 1 Nordbygda skule, fritidspark
- 2 Oppgradering av Haugsvær ballbinge

Ein fekk tilsegn om spelemidlar til Matre symjebasseng (900 000) og fritidspark Nordbygda skule (200 000). Dei andre søknadene kan fornyast i 2017.

Høyring

Framlegget til handlingsplan er send Idrettsrådet til uttale.

Uttale

Vurdering/ Konklusjon

Det er framleis ventetid på spelemidlar. Kommunestyret bør halda høg prioritet på dei anlegga som nærmar seg å komma i posisjon til å få midlar. Dei tre fyrste anlegga under ordinære anlegg er bygde i 2015, men dei må framleis stå på prioriteringslista. Matre symjebasseng vil truleg få si siste løyving i 2017. Arbeidsgruppa for rehabilitering av friidrettsanlegget på Hosteland er så vidt komen i gang med arbeidet. Planleggingsarbeidet og arbeidet med kostnadsrekning og finansiering vil ta noko tid, så det er lite truleg at me kan søkja om spelemidlar til dette prosjektet i 2017.

Det anlegget som stod fyrst på lista over nærmiljøanlegg fekk midlar i år og kan gå ut av lista. Oppgradering av ballbingen på Haugsvær kan difor rykkja opp eit hakk. Eit nytt anlegg som er kome opp i haust, er sandvolleyballbane i Skolten på Kvingo. Sidan dette er det einaste nærmiljøanlegget det er lagt konkrete planar for, bør det komma inn på prioriteringslista etter ballbingen.

Med bakgrunn i prioriteringane i kommunedelplanen, kommunestyrevedtaket i fjor og nye innspel som er komne, vil rådmannen leggja fram følgjande prioriteringsliste for 2017:

A Ordinære anlegg

- 1 Matre symjebasseng
- 2 Kunstgras på idrettsbana, Matre
- 3 Kunstdekke på løpebana, Matre
- 4 Rehabilitering friidrettsanlegg Nordbygda
- 5 Lysløype/turveg på Sleire
- 6 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 7 Turveg Haugsvær – Matre
- 8 Fleirbrukshall
- 9 Klubbhus Stordalen

B Nærmiljøanlegg

- 1 Oppgradering Haugsvær ballbinge
- 2 Sandvolleyballbane, Skolten
- 3 Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
- 4 Miniatyrskyttebane, Nordbygda
- 5 Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule
- 6 Orienteringskart ved skulane

Formannskapet - 124/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

1 Vedteken kommunedelplan for perioden 2011-14 vert forlenga til å gjelda fram til ny plan vert vedteken, hausten 2017.

2 Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for året 2017:

A Ordinære anlegg

- 1 Matre symjebasseng
- 2 Kunstgras på idrettsbana, Matre
- 3 Kunstdekke på løpebana, Matre
- 4 Rehabilitering friidrettsanlegg Nordbygda
- 5 Lysløype/turveg på Sleire
- 6 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 7 Turveg Haugsvær – Matre
- 8 Fleirbrukshall
- 9 Klubbhus Stordalen

B Nærmiljøanlegg

1. Oppgradering Haugsvær ballbinge
2. Sandvolleyballbane, Skolten
3. Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
4. Miniatyrskyttebane, Nordbygda
5. Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule
6. Orienteringskart ved skulane

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Terje Kallekleiv	FA - L12	16/102

Saknr	Utval	Type	Dato
125/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016
087/2016	Kommunestyret	PS	13.12.2016

Endring - reguleringsplan Hosteland Aust

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Planforklaring	22.11.2016
Illustrasjon_1 (40418)	22.11.2016
Illustrasjon_2 (40419)	22.11.2016
Plan2 Model (A4)	22.11.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtak:

Formannskapet tilrår at forslag til endring av «Reguleringsplan for Hosteland aust» vert vedteke slik det ligg føre i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Kostnader for utviding av vegkrysset mot Fv 570 må innarbeidast i prosjektet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har for få bustader til barn og unge med behov for avlastning og tilrettelagte heildøgertenester, og det har no blitt eit akutt behov for fleire slike husvære. Det er ikkje sett av areal til dette formålet i kommunen sine arealplanar og det er difor nødvendig å gjera endringar i aktuell arealplan. Eit svært godt eigna område til formålet ligg på Hosteland - sentralt i kommunen - tett ved etablerte offentlege tenester som helse, skule og barnehage idrettsanlegg. Her ligg også dei bu-einingane kommunen har til dette formålet i dag. Det aktuelle området inngår i reguleringsplan «Hosteland aust».

Administrasjonen laga med utgangspunkt i dette eit forslag til endring av reguleringsplanen for området. Forslaget vart politisk behandla 19.09.2016 og sendt på høyring lokalt og til overordna instansar. Det er kome nokre uttalar til saka.

Uttale

1. Fylkesmannen i Hordaland:

- a. Føresegner for planområdet må gjerast gjeldande for området som skal endrast – etter at det er gjort nødvendige justeringar i samsvar med reviderte arealformål.
- b. Krev at leikeplassen som blir teke ut må inn på nytt areal ved evt. vidare utvikling av bustadfeltet.

2. Statens vegvesen:

- a. Svingradius ved avkøyrsløp til Fv. 570 må aukast frå 6-7 meter i dag til 9 meter – før ferdiggodkjenning av omsorgsbustadene.

3. Hordland fylkeskommune:

Ingen merknader i saka.

4. Privat merknad:

(Merknaden omfattar ikkje sjølv planarbeidet. Det vert spurt om problemstillingar som gjeld detaljprosjekteringa - og om styring av arealbruk etter utbygging. Ansvarleg for innspelet er opplyst om framgangsmåte).

Vurdering

1.a. Føresegnene som vart utarbeida til reguleringsplanen er frå 1988 og er ikkje i samsvar med plan- og bygningslova. Skulle kommunen legge desse føresegnene til grunn for det arealet som no vert endra i reguleringsplanen så vil Fylkesmannen levere motsegn mot planendringa. Saka er drøfta på telefon med Fylkesmannen.

Vi kan sjølvstøtt endre i føresegnene for heile reguleringsplanen – men då vert saka omfattande og den må på ny høyringsrunde – noko som forlengar prosessen med 2 månader.

Alternativet er å definere føresegner isolert til det aktuelle området som er endra i planen.

Også det krev i prinsippet ein ny høyringsrunde – men då saka vart sendt på høyring var intensjon og omfang svært godt opplyst – m.a. i detaljteikningar. Det er heller ikkje registrert noko form for konflikt rundt tiltaket, konkurrerande arealbruk, verneverdiar eller mot tilgrensande arealbruk.

Når kommunen no legg ved føresegner for å presisere ei allereie godt beskriven etablering i høyringsfasen - og som fullt ut er i samsvar med den beskrivinga - så håpar vi å få aksept for at det på dette grunnlaget ikkje er reelt tvingande nødvendig med ny høyringsrunde. Å få bygd nye omsorgsbustader er akutt presserande.

1.b. Fylkesmannen presiserer at leikeplassen som utgår må inn igjen i bustadfeltet dersom feltet seinare skal utvidast - og at dette vil bli eit krav ved ei utviding. Administrasjonen meiner at samfunnsnyttan med tiltaket er klårt større enn at det utgår ein leikeplass som enno ikkje er etablert. Bustadområdet ligg tett inntil naturområde som i dag kan nyttast til leik. Det er kanskje også noko av årsaka til at området som er definert til leikeplass ikkje har blitt opparbeida. Likevel ser administrasjonen det som sjølvstøtt at nytt område til leik vert etablert ved ei utviding av bustadfeltet.

2. Statens vegvesen legg til grunn at utviding av vegkrysset til 9 m. svingradius kan gjerast samtidig med utbygging av omsorgsbustadene. Administrasjonen oppfattar at tiltaket vi betre trafikktryggleiken i vegkrysset. Tiltaket fører til kostnader – men som er vert små når vi ser på totalprosjektet. Administrasjonen tilrår tiltaket.

Konklusjon

Rådmannen vurderer at tiltaket vil dekke eit akutt behov – og at endring av planen difor er samfunnsnyttig og nødvendig.

Formannskapet - 125/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om å endre ordlyden i framlegg til vedtak :

Kommunestyret vedtek endring av "Reguleringsplan for Hosteland aust" slik det ligg føre i samsvar med plan- og bygningslova ! 12-12. Kostnader for utviding av vegkrysset mot Fv 570 må innarbeidast i prosjektet.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - vedtak:

Kommunestyret vedtek endring av «Reguleringsplan for Hosteland aust» slik det ligg føre i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12. Kostnader for utviding av vegkrysset mot Fv 570 må innarbeidast i prosjektet.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - C20, FE - 223	16/984

Saknr	Utval	Type	Dato
126/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016

Søknad frå Stordalen Vel om tilskot til løypekøyning vinteren 2017

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
SVEL Søknad til Masfjorden kommune om tilskot sporkøyning 2017	18.11.2016
Vedlegg 1, Tilbud løypekøyning 2017 a	18.11.2016
Vedlegg 2, Løypekart spor 16	18.11.2016
Vedlegg 3, Rekneskap Stordalen Vel mai 2016	18.11.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune gjev eit tilskot på krone 5.000,- til løypekøyning i regi av Stordalen Vel.

Tilskotet vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Stordalen Vel har i e-post dagsett 4. november søkt om tilskot på krone 30.000,- frå Masfjorden kommune til oppkøyning av skiløyper vinteren 2017. i søknaden, sjå vedlegg. Innleiingsvis skriv dei at dei arbeider for at Stordalen skal bli eit utfartsområde for Nordhordland, Gulen og Høyanger, og at dei arbeider med følgjande konkrete tiltak:

Konkrete handlingsplaner/tiltak:

- Skaffa til veie midler til fellestiltak i området
- Arbeide for helsefremmende tiltak og få folk ut i naturen
- Oppkøyning av skiløyper i nærområdet til Stordalen – familievennlige løyper
- Arbeide for tilrettelegging av parkeringsplasser for dagsturister
- Arbeide for betre dekning for mobil, internett og DAB.»

Dei legg ved eit budsjett som viser ein kostnad på krone 125.000,- til løypekøyning og kjem med framlegg om finansiering frå fleire kommunar og kontingent frå hyttelaget m.v.

Beskrivelse	Budsjett 2017
Kostnad løypekjøring Arne Berg Fritid AS	125000
Sum driftsutgifter	125000
Kontingent fra hyttelaget	30000
Tilskudd fra Høyanger kommune	30000
Tilskudd fra Masfjorden kommune	30000
Tilskudd fra Lindås kommune	10000
Tilskudd fra Gulen kommune	10000
Sponsormidler	15000
Sum driftsinntekter	125000

Tilbudet frå Berg Fritid saman med løypekart vert og lagt ved saka. Det viser at Stordalen Vel ønskjer å ha ei løypekjøring etter alternativ 3, som gjeld for løypekjøring i inntil 30 dagar inkludert nokre helger. Alternativ 1 er same køyrenivå som tidlegare år (15 dagar a 4,5 timar) , og vil koma på krone 80.000,-.

Vurdering

Rådmannen meiner at løypekjøring er eit godt tiltak som vil fremja folkehelse og trivnad for mange typer grupper som soknar til Stordalen. Ei løypekjøring vil byggja opp under bruken av Stordalen både for hyttefolk og tilreisande i vintersesongen, og vil medføre at Stordalen vert eit viktigare utfartsmål for mange i Nordhordland. Det igjen kan styrke grunnlaget for næringsutviklinga i dalen. Ut frå budsjettmessige prioriteringar og utsikter til reduserte inntekter i framtida, meiner rådmannen at det er vanskeleg å gje eit tilskot på krone 30.000,- som omsøkt. Ein rår difor til at formannskapet løyver krone 5.000,- til omsøkt tiltak.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert løyvd krone 5.000,- til omsøkt tiltak.

Formannskapet - 126/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Frode Langhelle (H) sette fram forslag om at tilskotet vert sett til kr 10 000.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) støtta auke i tilskotet til kr 10 000 og meinte og at dette kunne vore dekkja over kraftfondet.

Framlegg til vedtak med endringane frå H og Ap vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune gjev eit tilskot på krone 10.000,- til løypekøyring i regi av Stordalen Vel.

Tilskotet vert løyvd frå kraftfondet.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - L81	16/493

Saknr	Utval	Type	Dato
127/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016

Drøfting knytt til kommunalt bidrag til utbygging av Giljane bustadfelt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting i formannskapet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Erlend Kvamsdal har i e-post av 17.10.2016 søkt om kommunalt forskot på krone 200.000,- for å byggja ut feltet på Giljane nord, med fem bustadtomter. Dette tilskotet skal då erstatta det kommunale etableringstilskotet som elles plar vera det kommunale bidraget i samband med ferdigstilling av bustader.

I tillegg ønskjer han at kommunen skal overta fellesvegen som skal inn i feltet, samt det felles vatn - og avlaupsanlegget. Ved at kommunen overtek desse anlegga kan utbyggjar får refundert meirverdiavgifta, samt overlata ansvaret for drifta av veg, vatn og avlaup inne i feltet til kommunen.

Kommunal deltaking i utbygging av bustadfeltet vart handsama i kommunestyret den 22.06.2016, sak 047/2016, og kommunestyret gjorde då følgjande samrøystes vedtak:

KS - vedtak:

Masfjorden kommune tek på seg byggingen av vassleidningsgrøft langs kommunevegen til det nye bustadfeltet Giljane utviding. Det vert løyvd inntil krone 800.000,- over investeringsbudsjettet - bustadføre mål.

Andre kostnader knytt til straumframføring, avlaup og fellesvegar m.v. må takast av utbyggjar. Utbyggjar kan kome tilbake med søknad om etableringstilskot med bakgrunn i ein utbyggingsplan.

Administrasjonen har i tillegg fått opplyst at utbyggjar reknar med å koma i gang med oppstart av feltet i januar/februar, og at han før oppstart må vite kva engasjement kommunen vil forplikta seg til.

Vurdering

Rådmannen vil visa til saksutgreiinga som vart gjort i sak 047/2016 og vedtaket her, og at kommunen alt er tungt inne i for å realisera denne utbygginga. Skal kommunen overta dei interne fellesanlegga i tillegg må det inngåast ein eigen utbyggingsavtale med utbyggjar, som sikrar at anlegga vert bygd med den normen kommunen stiller for veg, vatn og avlaupsanlegg, samt at ein sikrar at regelverket knytt til refusjon av meirverdiavgifta vert ivareteke. Før rådmannen forhandlar fram ein utbyggingsavtale med utbyggjar er det naudsynt at formannskapet drøftar og kjem med føringar på om det skal gjevast etableringstilskot til feltutbygginga. Rådmannen legg med dette saka fram til drøfting, med ønskje om å få politiske føringar knytt ein eventuell utbyggingsavtale. Ein eventuell framforhandla utbyggingsavtale må til slutt handsamast i kommunestyret, jf. delegeringsreglementet av 17. oktober 2012.

Formannskapet - 127/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet støttar initiativtakarane og går inn med kr 200 000 til investering på veg, vatn og avløp. Kostnadane vert dekkja over kraftfondbudsjettet.

Administrasjonen utarbeider utbyggingsavtale som vert lagt fram som skriv og melding til formannskapet.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet støttar initiativtakarane og går inn med kr 200 000 til investering på veg, vatn og avløp. Kostnadane vert dekkja av kraftfondbudsjettet.

Administrasjonen utarbeider utbyggingsavtale som vert lagt fram som skriv og melding til formannskapet.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - X31	16/540

Saknr	Utval	Type	Dato
128/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016

Høyring - Vest politidistrikt sin tenestestad- og tenesteeiningsstruktur

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Nærpolitireforma - Innbyding til høyring - Vest politidistrikt sin tenesteads- og tenesteeiningsstruktur	21.10.2016
Forslag ny tenesteadstruktur Vest pd	21.10.2016
Hordaland_SF_	21.10.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Masfjorden kommune støtter framlegget om å etablere Nordhordland som ei driftseining med to tenesteadar, Masfjorden (Hosteland) og Nordhordland (Knarvik)
- Masfjorden kommune meiner at Nordhordland skal vere ei eiga geografiske driftseininga, slik alternativ 2 frå politimeisteren legg opp til.
- Masfjorden kommune forventar at tilbodet til publikum i nordre del av den nye tenesteeininga vert likeverdig i høve til resten av området.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta

I samband med nærpolitireforma vert kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane invitert til å kome med høyringsinnspel på politimeisteren sitt forslag til endring av tenestead- og tenesteeiningsstruktur i Vest politidistrikt. Høyringsfristen er satt til 1. desember 2016.

Politimeisteren skal innhente synspunkt frå kommunane og arbeidstakarorganisasjonane lokalt før tilråding vert send til Politidirektoratet.

Mål for nærpolitireforma

Justis- og beredskapsdepartementet har vedteke følgjande effektmål i sitt oppdragsdokument om nærpolitireforma:

- Eit politi som er meir tilgjengeleg og til stades med god lokal forankring og samhandling

- Eit meir einsarta politi som leverer like polititjenester med betre kvalitet i heile landet
- Eit politi med meir målretta innsats på førebygging, etterforsking og beredskap
- Eit politi med betre kompetanse og kapasitet, som deler kunnskap og lærer av erfaringar
- Eit politi som skapar betre resultat i ein kultur prega av openheit og tillit gjennom god leiing og aktivt medarbeidarskap
- Eit politi som arbeider meir effektivt ved å ta i bruk betre metodar og ny teknologi

Definisjonar på ny struktur:

- **Tenestestad:** Politistasjon eller lensmannskontor (ein fysisk stad). Leiar av tenestestad kan vere lensmann eller politistasjonssjef.
- **Tenesteeining:** Eit geografisk område som kan innehalde fleire tenestestader. Leiar av tenesteeining kan vere lensmann eller politistasjonssjef.
- **Geografisk driftseining:** Eit geografisk område som kan innehalde fleire tenesteeiningar. Leiar av geografisk driftseining skal og vere leiar av ein tenesteeining og leiar av ein tenestestad. Leiar for geografisk driftseining har personalansvar, økonomi- og budsjettansvar, og er medlem i leiargruppa til politimeisteren.

Tenestetilbodet ved tenestestadane

Tenestestadane er ein politistasjon eller lensmannskontor, og skal ivareta følgjande kvalitetskrav:

- Ta imot meldingar, søknader og andre førespurnader, samt gje publikum rettleiing om politiet sitt tenestetilbod
- Bidra til eit kvalitativt løft for etterforskningsarbeidet
- Tenestestadane skal ha fleksible opningstider som gjer det mogleg å få gjort tenester hjå politiet utanfor kontortid minst ein dag i veka
- Tenestestadane skal lokaliseras slik at minst 90 % av innbyggjarane i politidistriktet har maksimalt 45 minuttar køyretid til næraste tenestestad

Oppgåver som ligg til tenesteeiningane

Tenesteeiningane er eit geografisk område som kan ha fleire tenestestader og skal ivareta følgjande oppgåver:

- Leverer ressursar til vakt- og patruljetenesta
- Ha publikumsekspedisjon
- Kriminalitetsførebyggjande arbeid
- Etterforske det store fleirtal av straffesaker
- Ha kontakt med samarbeidspartnarar
- Utføre sivil rettspleie- og forvaltningsoppgåver

Geografisk driftseining:

Dette er eit organisatorisk ledd som skal kunne flytte ressursar på tvers av tenesteeiningane, handsame felles interne administrative oppgåver, drive fram utviklingsarbeid og forvalte spesialkompetanse som den einkilde tenesteeining ikkje vil ha sakstfang til å kunne vedlikehalde. I sum skal den geografiske driftseininga kunne handtere det største volumet av kriminalitetsutfordringar utan ressurstilførsel frå andre einingar i politidistriktet. Denne delen av nærpolitireforma skal forhandlast på vanleg måte med fagforeiningane lokalt etter Hovudavtalen i Staten, mens inndeling av distriktet i tenesteeiningar og tenestestader skal avgjerast av politidirektøren etter råd frå politimeisteren.

Politimeisteren ønskjer likevel no å invitere kommunane til høyring også om dei geografiske driftseiningane. Det er ein fordel for prosessen frem mot at politimeisteren skal gi si tilråding til Politidirektoratet om tenesteeiningar med tilhøyrande tenestestader, at kommunane har gjeve råd til politimeisteren også om dette tema så tidleg som mogleg. Politimeisteren ønskjer ein intern

diskusjon i politidistriktet om strukturen og ser det som naturleg at tenestestader, tenesteeiningar og geografiske driftseiningar her kan handsamast under eitt.

Nordhordland

I forslaget til ny struktur for tenestestader og tenesteeiningar er Nordhordland lagt inn som eiga tenesteeining med to tenestestader, Knarvik og Hosteland. Det betyr at Nordhordland og Gulen/Masfjorden/Solund er slått saman til ei tenesteeining. Det betyr også at ein legg ned Austrheim, Eivindvik og Hardbakke som tenestestader. I forslaget er det også lagt inn to alternativ til geografiske driftseiningar. I det eine alternativet er det føreslått at Nordhordland skal vere ein del av ei geografiske driftseining saman Voss og Eidfjord. I det andre alternativet er Nordhordland lagt inn som eiga geografisk driftseining.

Vurdering

I forslaget frå politimeisteren er Nordhordland blir lagt inn som eiga tenesteeining med to tenestestader, Knarvik og Hosteland. Dette er i tråd med dei tilbakemeldingar regionen har gjeve i løpet av prosessen og som både Nordhordland lensmannsdistrikt og Gulen, Masfjorden og Solund lensmannsdistrikt har støtta. Vidare meiner rådmannen at det må leggjast stor vekt på å sikra at tilbodet til publikum i nordre del av den nye tenesteeininga må verta likeverdig i høve til resten av området, og at det er spesielt viktig med tilfredstillande responstid. Bemanninga på tenestestaden knytt til Hosteland må vera tilstrekkeleg og arbeidsplassen må framstå som attraktiv. Det er store avstandar i dette tenestestadområdet, og det stiller ekstra krav til beredskap og ressursar knytt til denne delen av tenesteeininga.

Når det gjeld forslag til geografisk driftseining meiner rådmannen at Nordhordland bør vere ei eiga geografisk driftseining, slik det er føreslått i det andre alternativet. Som geografisk driftseining vil Nordhordland strekke seg over eit stort geografisk område frå Solund til Nordhordlandsbrua. Området har ei lang og utsett kyststripe, lang strekning med E39, og store hamner med særstor trafikk med risikopotensiale. Nordhordland vil dekke 9 kommunar med mykje fjord og fjell med ulykkesbelasta og rasutsette vegar. Vi meiner at kompleksiteten i risiko og beredskap i Nordhordland bør kvalifisere til at området også bli ei eiga geografisk driftseining. Ei felles driftseining saman med Voss og omegn, vil etter rådmannen sitt syn ikkje vere føremålstenleg. Då vil ein plassere ein leiar for driftseininga anten i Knarvik eller på Voss. Det vil då bli etablert ei driftseining frå Solund til Eidfjord, som etter administrasjonen si vurdering vil vere særst utfordrande å handtere, både geografisk og ressursmessig.

Det er leiar for den geografiske driftseininga som vil ha personalansvar, økonomi- og budsjettansvar for tenesteeiningane innan sitt område. Rådmannen meiner at Nordhordland som region bør ha styring på desse ressursane sjølv som eiga driftseining, og då ha ein leiar for driftseininga plassert i Knarvik. Leiar for geografisk driftseining vil også vere ein del av politimeisteren si leiargruppe, og ein meiner det er viktig at politiet i Nordhordland er representert i ei slik strategisk leiargruppe.

Konklusjon

Masfjorden kommune bør støtta framlegget om å etablere Nordhordland som ei driftseining med to tenestestadar, Masfjorden (Hosteland) og Nordhordland (Knarvik)

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

- Masfjorden kommune støtter framlegget om å etablere Nordhordland som ei driftseining med to tenestestadar, Masfjorden (Hosteland) og Nordhordland (Knarvik)
- Masfjorden kommune meiner at Nordhordland skal vere ei eiga geografiske driftseininga, slik alternativ 2 frå politimeisteren legg opp til.
- Masfjorden kommune forventar at tilbodet til publikum i nordre del av den nye tenesteeininga vert likeverdige i høve til resten av området.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 001	16/871

Saknr	Utval	Type	Dato
129/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016

Fråsegn til intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion - høyringssak

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Språk i den nye vestlandsregionen	24.10.2016
Vestlandsregion - høyring	20.10.2016
Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland	17.11.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til politisk drøfting i formannskapet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

I samband med at Stortinget i vårsesjonen 2015 handsama St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar», vart det vedteke å invitere fylkeskommunane inn i kommunereforma, med sikte på å fastlegge struktur for eit nytt regionalt folkevald nivå våren 2017. Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringer på regionalt nivå i løpet av hausten 2016.

Som ei oppfølging av denne invitasjonen er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion.

På fylkestinget, 5.oktober 2016, vart det vedteke å legge denne intensjonsplanen ut på høyring før endeleg vedtak om etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016. Fylkestinget fatta følgjande vedtak:

1. «Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.

2. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentleg høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.

3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein ny dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløyisingar.

4. Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestlandsfylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.»

Sentrale moment i intensjonsplanen:

Overordna mål:

Vestlandsregionen skal vera ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

Hovudmål 1 – Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region

Vestlandsregionen skal ha større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt, og skal sikre fleire statlege ressursar, etableringar og prioriteringar på Vestlandet enn det fylkeskommunane kunne fått til kvar for seg.

Hovudmål 2 – Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet

Vestlandsregionen skal sikre og utvikle gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke byområde.

Hovudmål 3 – Høg kvalitet i tenestene

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonane og næringslivet på Vestlandet.

Hovudmål 4 – Strategisk infrastrukturbygging

Vestlandsregionen skal sikre ein framtidsretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband internt i regionen og gode kommunikasjonar mot resten av landet og ut i Europa.

Hovudmål 5 – Kultur og identitetsbygging

Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbyggjarane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Vestlandsidentiteten har lange historiske tradisjonar. Frå demokratisk samling og utvikling i mellomalderen til å vere ein landsdel med stor grad av internasjonalt samarbeid og handel i vår tid. Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

Hovudmål 6 – Berekraftig forvaltning av samla ressursar

Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg, der kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta.

I tillegg er det definert delmål under alle hovudmåla, og i kap. 3 vert strukturen i den nye regionen definert med følgjande hovudtrekk:

- Fylka skal bli slått saman frå 01.01.2020
- Namnet er Vestlandsregionen
- Etablere eit regionting med 71 representantar i ein samla valkrins.
- Ein samla Stortingsvalkrins vert tilrådd (då må Stortinget endra grunnlova knytt til valordninga)
- Formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform.
-
- Bergen blir administrasjonssenter med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

Rogaland skal ha administrativ leiing av næring, opplæring, kollektivtransport og idrett.
Sogn- og Fjordane skal ha administrativ leiing av veg og kultur.

- Politiske organisering med regionting, regionutval og fire hovudutval for samferdsle, næring, opplæring og kultur/idrett. Møta i hovudutvala for næring, opplæring og kultur og idrett vert i hovudsak lagt til Stavanger, og for samferdsle til Leikanger/Førde.
- Ei fellesnemnd med 30 medlemmer vil få i oppgåve å laga framlegg til endeleg politisk organisering. Regionutvalet skal ha ansvar for følgjande: Regional planlegging, økonomik planlegging, klima og miljø, samt folkehelse.

I kap. 10 vert premissar for vestlandsregionen definert, mellom anna handlar dette om kva den nye fylkeskommunen skal ha av oppgåver, og at fylkesmannsembetet skal ha same geografiske struktur som regionen, og at denne leiinga skal vera lagt til Sogn og Fjordane.

Høyringsfrist er sett til 30. november 2016

Fleire dokument kan lastast ned på <http://www.hordaland.no/regionreform>

I tillegg vil ein visa til at Landsamanslutninga av nynorskkommunar, som Masfjorden er medlem i, har sendt ut brev til sine medlemmer og oppmoda desse om å ta inn eit eige punkt om språk i sine fråsegner til intensjonsplanen. Deira brev er lagt ved saka.

Vurdering:

Rådmannen legg fram saka til politisk drøfting.

Formannskapet - 129/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune støttar intensjonsavtalen slik han ligg føre og rår til at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye vestlandsregionen.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune støttar intensjonsavtalen slik han ligg føre og rår til at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye vestlandsregionen.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FA - K69	16/978

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2016	Teknisk utval	PS	22.11.2016
130/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016
091/2016	Kommunestyret	PS	13.12.2016

Revidering av retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond - Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Vedtekter eldre	18.11.2016
Revidert retningslinjer for bruk og forvaltning av fiskefond Masfjorden kommune	18.11.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond i Masfjorden kommune dagsett 18.11.2016 vert godkjent

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Historisk perspektiv:

Revidert fiskefond, handsama i Kommunestyret 15.12.2005

VEDTEKTER VEDRØRANDE MIDLAR AVSATT TIL OPPHJELP AV FISKET I MASFJORDEN KOMMUNE I SAMBAND MED LØYVE TIL UTBYGGING AV MATRE OG HAUGSDALSVASSDRAGET

Masfjorden Fiskefond vart skipa ved Kongeleg resolusjon av 8.februar 1980 i medhald av pkt. 18 III i konsesjonsvilkåra for ytterlegare regulering og overføring i Matre og Haugsdalsvassdraga. Årleg innbetaling til fondet frå BKK var fastsett til kr.10.000,- renter av kapitalen tilfell fondet. Summen vert regulert kvart 5. år.

Masfjorden kommune godkjende vedtekter for fondet alt i 1981. Disse vart godkjent av Direktoratet for vilt- og ferskvannsfisk 4. juli 1985 og sendt kommunen og BKK i egne ekspedisjonar.

Sjå vedlegg.

Administrasjonen har no arbeida fram framlegg til revidert retningslinjer for bruk og forvaltning av fiskefond i Masfjorden kommune, Dokument dagsett 18.11.2016 er vedlagt saka. Hovudendringa som er gjort handlar om reglar for søknadsfristar og krav til innhald i søknaden, samt at TU får eit hovudansvar for bruken av fiskefondet.

Vurdering

Kommunen ynskjer å informera og nytta fondet noko meir. Med forslaget til nye retningslinjer vonar det vert enklare for ålmenta å kunna søkja om tilskot på desse midlane... Voneleg vil nye retningslinjer samt informasjon om fiskefondet fremja gode søknader.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Framlegg til retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond i Masfjorden kommune dagsett 18.11.2016 vert godkjent.

Teknisk utval - 026/2016

TU - behandling:

Utvalsleiar John Torsvik orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Teknisk utval tilrår at framlegg til retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond i Masfjorden kommune dagsett 18.11.2016 vert godkjent.

Formannskapet - 130/2016

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande endringsframlegg i § 7 i retningslinene:

Fiskefondet vert handsama av **rådmannen** med framlegging av sak til TU for sum inntil 50.000,-, for søknader og tilskot over denne summen (50.000,-), skal TU gi innstilling og formannskapet fatta vedtak.

Framlegg til vedtak med endringa frå Sp vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Framlegg til retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond i Masfjorden kommune dagsett 18.11.2016 vert godkjent med følgjande endring i § 7:

Fiskefondet vert handsama av **rådmannen** med framlegging av sak til TU for sum inntil 50.000,-, for søkander og tilskot over denne summen (50.000,-), skal TU gi innstilling og formannskapet fatta vedtak.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	16/985

Saknr	Utval	Type	Dato
131/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016

Einokavane AS - Søknad om auka kommunalt driftstilskot

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftstilskot for Einokavane AS for 2017 vert fastsett til kr. 440.000,-,

Driftstilskotet vert frå 2018 justert i tråd med den forventa pris- og kostnadsveksten som vert lagt til grunn i statsbudsjettet for aktuelle år.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søknaden frå Einokavane AS vart lagt fram som skriv og melding for formannskapet i møte 8.11.16, og formannskapet ba om å få framlagt søknaden som sak kommande formannskapsmøte.

Referatsaker

1. Søknad frå Einokavane A/S

Formannskapet ber rådmannen å vurdere om det er mogleg å auke tilskotet til Einokavane og kome attende med sak om dette den 29.nov.

Fakta

Søknad om å auke det kommunale driftstilskotet frå Einokavane

Det kommunale driftstilskotet på kr.350 000 sto uforandra frå år 2007 til 2013 da det vart søkt om å auka driftstilskotet. Vi fekk kr, 40 000 slik at vi no får kr 390 000 d.v.s prisveksten dei aktuelle åra.

Det statlege driftstilskotet har steget litt kvart år, frå kr. 894 816 i 2007 og til kr.1 203072 i 2016 for 8 VTA (Varig tilrettelagde arbeidsplassar). Ein auke med kr.308 256 (35 %)

Einokavane har hatt to gode år i samband med utbygging av ny kraftstasjon da vi hadde ein god del oppdrag i samband med dette. I løpet av 2016 har desse oppdraga vorte slutført utan at vi har klart å få tak i nye oppdrag. Dette har medført at vi har måtte redusere i stillingsprosenten.

Arbeidsevna til arbeidstakarane på VTA har endra seg i negativ retning, då ein del av dei nærmar seg pensjonsalder og ikkje er like uthaldande som tidligare, samt at nokon treng ekstra tett oppfølging.

Dette går også utover kva type oppdrag vi kan ta på oss.

Ut frå den totale situasjonen søker Einekavane AS om at det kommunale driftstilskotet vert auka med kr.100 000 i 2017, til kr. 490 000. Då er vi i nær den same prosent i tilskot frå kommunen i forhold til den statlege tilskotet som vi var i 2007.

Vidare ber ein om at det kommunale driftstilskotet vert auka i tråd med auken i det statlege driftstilskotet kvart år (ca 3,5% auke)

Vurdering

Driftstilskotet som kommunen yter Einekavane AS bør følgje den prisvekst som vert lagt til grunn for kommunen, dvs. at den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) som vert lagt til grunn for påfølgjande år og fastsett i samband med statsbudsjettet, for 2017 er denne forventa å utgjere 2,6 prosent.

Prisjustering 2013 til 2016 tilrår ein vert gjort med bakgrunn i konsumprisindeksen.

Konklusjon

Tilrår at tilskot for 2017 vert fastsett til kr. 440.000 (ut i frå prisvekst sidan sist justering av driftstilskotet), og at forventa prisvekst vert justert inn som grunnlag for kommande års driftstilskot.

Formannskapet - 131/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Driftstilskot for Einekavane AS for 2017 vert fastsett til kr. 440.000,-,

Driftstilskotet vert frå 2018 justert i tråd med den forventa pris- og kostnadsveksten som vert lagt til grunn i statsbudsjettet for aktuelle år.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 037, TI - &58	16/910

Saknr	Utval	Type	Dato
092/2016	Kommunestyret	PS	13.12.2016
132/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016

Plan for selskapskontroll 2016-19

Vedlegg:

Journalposttittel

2016 09 12 Særutskrift sak 20.16 Plan for selskapskontroll m. sakspapir - Masfjorden kontrollutval

Dato

01.11.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

☐☐Einekavane AS (eigarandel i kommunen 100%)

Planen for selskapskontroll kan reviderast etter behov i løpet av perioden.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Heimelen for selskapskontroll følgjer av kommunelova (kompl.) § 77 nr. 5, som seier at kontrollutvalet skal «*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m.*», jf. tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 13 andre ledd skal det «*minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.*». Tredje ledd fastsett at kommunestyret vedtar planen.

Kontrollutvalet gjennomgjekk oversikten over selskap heil- eller deleigd av Masfjorden kommune og gjorde ei vurdering av kva selskap som er hensiktsmessig å utføra selskapskontrollar i.

Samrøystes vedtak:

I denne planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

☐☐Einekavane AS (eigarandel i kommunen 100%)

Planen byggjar på kontrollutvalet si vurdering av kva selskap det er hensiktsmessig å utføra selskapskontrollar i og deira prioriteringar av dette.

Konklusjon

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

I denne planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

☐☐Einekavane AS (eigarandel i kommunen 100%)

Planen for selskapskontroll kan reviderast etter behov i løpet av perioden.

Formannskapet - 132/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

For planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

- Einekavane AS (eigarandel i kommunen 100%)

Planen for selskapskontroll kan reviderast etter behov i løpet av perioden.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 232	16/990

Saknr	Utval	Type	Dato
133/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016
093/2016	Kommunestyret	PS	13.12.2016

Kraftinntekter - kapitaliseringsrenta ved fastsetjing av eigedomsskatt kraftverk

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Notat 1 - eigedomsskatt	24.11.2016
161124 Opprop med krav om redusert kapitaliseringsrente	28.11.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune krev at kapitaliseringsrenta som grunnlag for fastsetjing av eigedomsskatt kraftverk vert sett til 3% med verknad frå 1.1.2017.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I følge Europower er verdien av norske kraftverk redusert med 54 milliardar kr. frå 2016 til 2017. Dette betyr at grunnlaget for eigedomsskatten for vasskraftverk er redusert tilsvarende, og samla sett medfører dette nær 380 mill.kr. i reduserte eigedomsskatteinntekter på landsbasis. For 2017 får Masfjorden ein reduksjon på 2,5 mill.kr., medan prognose for åra framover tilseier ein vesentleg ytterlegare nedgang i eigedomsskatteinntektene til kommunen. Nedgangen skuldast i hovudsak reduserte kraftprisar og auka grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten går til staten fullt ut, og denne skatten vert trekt i frå på kommunane sine eigedomsskattegrunnlag, og inneber ei forskyving av midlar frå kommunane til staten. Sidan kraftskattereforma i 1997 har den statlege grunnrenteskatten auka frå 27 til 33%, og i statsbudsjettet for 2017 ytterlegare auka til 34,3%. Dette vil bety ytterlegare forskyving av midlar frå kommune til stat i 2019. Ein vesentleg årsak til nedgangen i eigedomsskatten skuldast og at kapitaliseringsrenta ikkje er justert i samsvar med det låge rentenivået.

Uttale

Fakta

Status kraftinntekter for Masfjorden inngår som del av kommunen sin årsmelding. Viser til saksvedlegg, LVK skriv datert 25.10.2016.

Eigedomsskatten ut i frå siste **prognose** for åra framover mottatt frå BKK, og men lagt dårlegare tal enn ein forventa og hadde kalkulert med.

Eiendomsskatt i NOK	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Matre H	8 645 413	7 371 944	6 223 796	6 003 780	4 919 879	4 468 302	4 282 872	4 197 176	4 198 045	4 379 951	4 899 565
Matre M	9 164 495	8 314 768	7 126 652	5 870 058	4 440 537	3 674 658	3 697 785	3 691 159	3 565 002	3 689 541	5 612 178
